



Årsmelding for Alver Net til EU 2019

Etter å ha hatt 2 møter i Interimstyret i 2018 var det skipingsmøte av Alver lokallag den 09.05.19. Her stilte eit fulltalig styre med vararepresentantar. Møtet vart omtalt i lokalavisa Strilen.

I Arbeidsplan for 2019 vart det vedtatt at kunnskapsformidling med spesiell vekt på standsverksemd, kurs, avisinnlegg og opne møte skulle være hovudsatsinga vår. Vi skulle også leggja vekt på valkampen 2019 og utfordra dei lokale politikarane til å gje sitt syn på EU og EØS.

Vi skulle også vektleggja medlemsverving gjennom standsverksemd og ringerundar.

Det var også viktig at vi skulle samarbeide med fylkeslaget og andre samfunnsaktørar.

Styret

På skipingsmøtet vart fylgjande styre vald:

Leiar:	Toril Mongstad, Lindås
Styremedlemmer:	Tom Eddie Borge (Lindås), Tronn Eriksen (Radøy), Anna Nordlund (Lindås), Jane Nordlund (Lindås), Leiv Vetås (Radøy)
Varamedlemmer:	Svanhild Monstad, Elin Holmås Fanebust, Torbjørn Taranger (alle Lindås).
Revisor:	Anna Valle, evt. Frode Mannsåker. Styret får i oppdrag å kontakta dei.
Valnemnd:	Liv Hopland Van der Kooij (leiar, og kallar inn gruppa) Arnulf Hjelmtveit Eli Nordanger (må spørjast, ho var ikkje til stades på møtet)
Styret fekk fullmakt til å finna ein vararepresentant til og det vart Olav Torheim, Meland. Han gjekk seinare ut av styret.	

Styremøte og medlemsmøte

Styret har hatt 5 styremøte i 2019. Desse møta har gått føre seg enten på Rådhuset i Knarvik (som vi får bruka gratis) eller heime hos leiar. I forkant av valet hadde vi eit

folkemøte med Morten Harper frå Nei til EU sentralt og eit panel med lokalpolitikarar frå dei fleste partia. Tema var: Kommunedemokrati og lokalt folkestyre sett i lys av EU-politikk og EØS-avtala.

Økonomi

Lokallaget har motteke økonomisk støtte frå fylkeslaget, og har og inntekter knytt til medlemskontingent-refusjon. Det vil og verta overført midlar frå eit av lokallaga i Nordhordland, som grunna lite aktivitet og no samanslåing av kommunane, ikkje er i aktivitet lenger.

Det har ikkje vore utgifter i samband med styremøta. Materiell til bruk på stand, vert betalt av fylkeslaget.

Samarbeid med fylkesstyret og Nei til EU sentralt

Fylkesstyret arrangerte 25-årsjubileum med seminar om EØS og EU og festmiddag der fleire av styremedlemmene deltok.

Nei til EU sentralt arrangerte også jubileumsfest i Oslo, og to av styremedlemmene deltok.

Fylkesstyret har hatt ein serie med studiemøte; Energipakke 4 og Acer med Morten Harper og Fiskeripolitikk og EØS med Toril Mongstad.

Før valet hadde Nordhordland næringsråd møte på Mongstad. Leiar deltok på dette møtet.

På den årlege Kvinnekonferansen i Nei til EU i Oslo deltok 3 styremedlemmer på fylkets rekning.

Verving, stands og anna arbeid

Det er blitt oppretta en facebookgruppe for Alver Nei til EU der ein finn invitasjonar og anna informasjon.

Vi har hatt 5 stands på Knarvik senter, 1 på Frekhaug senter, 2 på Manger og 1 på Lindås senter. Alle styremedlemmene har vore aktive på stands. Her har vi verva nye medlemmer og vore synlege i nærmiljøet.

Styremedlemmene har ringt medlemmer på ringelister og gjennom dette arbeidet har vi fått nye medlemmer samt fått fleire til å betala kontingenten.

Avisinnlegg

Alver Nei til EU har hatt fleire innlegg i lokalavisene i Nordhordland. Leiar er med i redaksjonen i Standpunkt, medlemsavisa for Nei til EU, og lokallaget har også fått spalteplass i denne avisa.